

Leiv Arne Moseefinn
Gullfjordungsvn. 21
5704 Voss

Dykkar ref.: 17/1067 – 19/8667

Voss, 10.05.19.

Osterøy kommune
Teknisk forvaltning

104/33 Bernes Indre – uttale til klage

Viser til dykkar brev av 06.05.2019 der vert gjeve høve til å gje uttale til klage frå Fylkesmannen i Vestland på Osterøy kommune sitt vedtak av 10.04.2019 på bygging av naust på gnr. 104/33.

Eg har fylgjande å framsetja i høve klagen:

1. Vår søknad om bygging av naust vart sendt våren 2017 (27.04.17). Då var Sjø- og strandsonenplanen for Osterøy ikkje vedteken. Den vart vedteken våren 2018, om lag eitt år etter vår søknad var motteken av kommunen. Av ymse grunnar (m.a. usemje om eigedomsgrensa) vart ikkje søknaden handsama dette året. Ein plan (som er å oppfatta som lov) kan ikkje ha tilbakeverkande kraft. Vår søknad skal difor ikkje handsamast utifrå Sjø- og strandsonenplanen. Planen skal heller ikkje leggjast til grunn for handsaming etter PBL sine reglar om bygging i 100-metersbeltet frå sjø og vassdrag, PBL § 1-8. Det er PBL det vert søkt om dispensasjon frå.
2. Kommunen har ikkje lagt ned bygge- og deleforbod i dette området (jfr. PBL § 13-1). Ein søknad om oppføring av naust kan såleis ikkje leggjast til side for seinare handsaming.
3. I området mellom Bernes og Drangevåg er det i perioden 2017-2019 oppført minst 3 naust og ei hytte i strandsona. Alle desse har vegtilkomst. Vi meiner det er ei forskjellshandsaming å ikkje godkjenna vår søknad om naust i Drangevåg.
4. Eigedommen vår i Drangevåg har ikkje vegtilkomst, men kan berre nåast frå sti eller med båt. Tunge ting kan berre fraktast med båt. Om vinteren er det på grunn av istilhøva mest tilrådeleg å setja båten på land og oppbevara han i naust.

Mvh

Leiv Arne Mosefinn og Solveig V. Mosefinn